

Sensorretteiing

30.05.2011

SPR3008 Internasjonal engelsk

Elevar og privatistar

Nynorsk

Oppgåve 1

Alle elevane skal svare på denne oppgåva. Oppgåva består av to deloppgåver: a) og b).

1a

I deloppgåve a) skal eleven vise kompetanse i å forstå ein skriftleg tekst om eit fagleg emne ved å velje det setningsalternativet som har grunnlag i teksten "Nigeria harnesses Pidgin English power". Oppgåva krev at eleven oppfattar nyansar i teksten, men ein kan ikkje nødvendigvis krevje at alle svara er riktige for at ein elev skal få uttelling for høg kompetanse. Svar på denne oppgåva må vurderast som ein del av den heilskaplege kompetansen eleven har.

I deloppgåve b) skal eleven vise kompetanse i å drøfte utviklinga av engelsk som internasjonalt språk og framveksten av språkvariantar av engelsk utanfor det angloamerikanske kjerneområdet.

I eit svar på høgt nivå drøftar eleven utviklinga av internasjonal engelsk på ein sjølvstendig måte med utgangspunkt i artikkelen. Teksten har god struktur og ein klar bodskap. Språket er nyansert og variert, og eleven kommuniserer godt.

I eit svar på middels nivå drøftar eleven utviklinga av internasjonal engelsk med utgangspunkt i artikkelen. Teksten kan ha ein noko lausare struktur. Språket er prega av nokre formelle svakheiter, men eleven kommuniserer relativt godt.

I eit svar på lågt nivå skriv eleven ein enkel tekst om internasjonal engelsk. Tilknytninga til artikkelen kan mangle eller vere svak. Språket har mange formelle svakheiter, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

Oppgåve 2

I denne oppgåva skal eleven reflektere over og drøfte korleis kulturforskjellar og ulike verdssystem kan påverke kommunikasjon. Eleven skal skrive to avsnitt om kor nyttige råda i utdraget er for utlendingar som skal kommunisere med nordmenn. Elevane kan ha ulike haldningar til verdien av råda, men det er sjølve drøftinga som skal vurderast.

I eit svar på høgt nivå drøftar eleven i kva grad råda i utdraget vil hjelpe utlendingar som kommuniserer med nordmenn, og underbyggjer synspunkta sine på ein moden og sjølvstendig måte. Teksten har god struktur, språket er nyansert og variert, og eleven kommuniserer godt.

I eit svar på middels nivå drøftar eleven råda i utdraget på ein enkel måte og underbyggjer delvis synspunkta sine. Teksten kan ha ein noko lausare struktur. Språket er prega av nokre formelle svakheiter, men eleven kommuniserer relativt godt.

I eit svar på lågt nivå skriv eleven ein enkel tekst om råda i utdraget. Språket er prega av mange formelle svakheiter, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

Oppgåve 3

a)

I denne oppgåva skal eleven vise kompetanse i å reflektere over og drøfte globale utfordringar med utgangspunkt i teksten og grafane. Det er ikkje omfattande detaljkunnskapar om slike utfordringar som er målet i læreplanen, men kompetansen i å drøfte dei. I dette tilfellet skal eleven drøfte dei utfordringane overbefolkning utgjør for verdssamfunnet. Eleven vel sjølv med utgangspunkt i teksten kva element som skal vere med i drøftinga. Eleven skal også vise kompetanse i å bruke og formidle informasjon basert på talmateriale og statistikk.

I eit svar på høgt nivå viser eleven god forståing av utfordringane ved befolkningsvekst og drøftar dei på ein moden og sjølvstendig måte. Eleven bruker og formidlar informasjon basert på statistikk og talmateriale frå grafane på ein innsiktsfull måte. Teksten har god struktur og ein tydeleg budskap. Språket er nyansert og variert og formidlar det faglege stoffet på ein god måte.

I eit svar på middels nivå viser eleven forståing av utfordringane ved befolkningsvekst og drøftar dei relativt godt. Eleven bruker og formidlar informasjon basert på statistikk og talmateriale frå grafane på ein enkel måte. Teksten kan ha ein noko lausare struktur. Språket er ikkje utan feil, men eleven klarer stort sett å formidle det faglege stoffet.

I eit svar på lågt nivå skriv eleven ein enkel tekst om befolkningsvekst. Forståinga av ulike sider ved spørsmålet kan vere noko overflatisk eller mangelfull. Teksten kan ha ein laus struktur. Språket er prega av mange formelle feil, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

b)

I denne oppgåva skal eleven vise kompetanse i å drøfte kultur- og verdiforskjellar og med utgangspunkt i novelleutdraget reflektere over korleis det er å vere innvandrar.

I eit svar på høgt nivå drøftar eleven på ein moden og sjølvstendig måte kulturelle forskjellar mellom dei to landa i novella og korleis situasjonen til hovudpersonen knyter seg til innvandrarerfaring generelt. Argumentasjonen i svaret har solid forankring i tekstutdraget i oppgåva. Teksten har god struktur, språket er nyansert og variert, og eleven kommuniserer godt.

I eit svar på middels nivå drøftar eleven kulturelle forskjellar mellom dei to landa i novella og korleis situasjonen til hovudpersonen knyter seg til innvandrarerfaring generelt. Svaret kan vere prega av meir skildring enn drøfting. Argumentasjonen kan vere noko svakare forankra i tekstutdraget i oppgåva. Teksten har ein noko lausare struktur. Språket er prega av nokre formelle svakheiter, men eleven kommuniserer relativt godt.

I eit svar på lågt nivå gir eleven ei enkel beskriving av kulturelle forskjellar mellom dei to landa i novella eller beskriv innvandrarerfaring generelt. Teksten har ein laus struktur. Språket er prega av mange formelle svakheiter, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

c)

I denne oppgåva skal eleven vise kompetanse i å drøfte både fordelar og ulemper ved WikiLeaks med utgangspunkt i sitata som er gitt.

I eit svar på høgt nivå viser eleven god forståing av nokre av fordelane og ulempene ved WikiLeaks og drøftar dei på ein moden og sjølvstendig måte. Teksten har god struktur og ein tydeleg bodskap. Språket er nyansert og variert og formidlar stoffet på ein god måte.

I eit svar på middels nivå drøftar eleven nokre av fordelane og ulempene ved WikiLeaks. Teksten har ein noko lausare struktur. Språket er prega av nokre formelle svakheiter, men eleven kommuniserer relativt godt.

I eit svar på lågt nivå gir eleven ei enkel beskriving av enkelte aspekt ved WikiLeaks. Teksten har ein laus struktur. Språket er prega av mange formelle svakheiter, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

d)

I denne oppgåva skal eleven vise kompetanse i å drøfte internasjonale utfordringar med utgangspunkt i sitata som er gitt.

Det er ikkje omfattande detaljkunnskapar om slike utfordringar som er målet i læreplanen, men kompetansen i å drøfte dei. I dette tilfellet skal eleven drøfte om internasjonale sportsarrangement fremmar fred og interkulturell forståing i verdssamfunnet.

I eit svar på høgt nivå viser eleven god kompetanse i å drøfte om internasjonale sportsarrangement fremmar fred og interkulturell forståing i verdssamfunnet. Drøftinga er moden og sjølvstendig. Teksten har god struktur og ein tydeleg bodskap. Språket er nyansert og variert og formidlar stoffet på ein god måte.

I eit svar på middels nivå viser eleven kompetanse i å drøfte om internasjonale sportsarrangement fremmar fred og interkulturell forståing i verdssamfunnet. Teksten har ein noko lausare struktur. Språket er prega av nokre formelle svakheiter, men eleven kommuniserer relativt godt.

I eit svar på lågt nivå skriv eleven ein enkel tekst om internasjonale sportsarrangement og interkulturell forståing i verdssamfunnet. Teksten har ein laus struktur. Språket er prega av mange formelle svakheiter, men eleven kommuniserer til ein viss grad.

Generell vurderingsrettledning: SPR3008 Internasjonal engelsk

Nivå	1	2	3–4	5–6
Innhald	Lågare kompetanse enn nivå 2.	<p>Eleven gir enkle og overflatiske svar på oppgåvene.</p> <p>Delar av svaret er noko på sida av oppgåva.</p> <p>Eleven har liten eller ingen kjennskap til språklege verkemiddel.</p>	<p>Eleven gir stort sett greie og relevante svar på oppgåvene i samsvar med ordlyden i oppgåva.</p> <p>Svaret viser ein viss grad av sjølvstende.</p> <p>Eleven bruker eventuelle kjelder på ein god måte og med tilvising.</p> <p>Eleven viser rimeleg god fagleg innsikt og oversikt.</p> <p>Eleven viser noko kjennskap til språklege verkemiddel.</p>	<p>Eleven gir presise, fylldige og relevante svar på oppgåvene i samsvar med ordlyden i oppgåva.</p> <p>Svaret viser sjølvstende.</p> <p>Eleven bruker eventuelle kjelder på ein god måte og med formålstenleg tilvising.</p> <p>Eleven viser svært god fagleg innsikt og oversikt.</p> <p>Eleven analyserer språklege verkemiddel når det er relevant.</p>
Skriftleg kommunikasjon	Lågare kompetanse enn nivå 2.	<p>Teksten har ein svak og tilfeldig struktur.</p> <p>Teksten er prega av gjentakning og oppramsing.</p> <p>Eleven skriv enkle setningar.</p> <p>Eleven viser ei avgrensa forståing av informasjon basert på talmateriale og statistikk.</p> <p>Eleven viser lita eller inga sjangerbevisstheit.</p>	<p>Eleven skriv tekstar med ein viss indre samanheng.</p> <p>Eleven skriv tekstar med ein viss grad av avsnittsinndeling.</p> <p>Lengre tekstar har normalt innleiing og avslutning.</p> <p>Eleven viser ei brukbar forståing av informasjon i talmateriale og statistikk og kan formidle dette på ein forståeleg måte.</p> <p>Eleven viser ein viss grad av sjangerbevisstheit.</p>	<p>Eleven skriv tekstar med god indre samanheng.</p> <p>Eleven skriv tekstar med ei logisk avsnittsinndeling og god oppbygging av avsnitta med temasetning og utfyllande setningar.</p> <p>Lengre tekstar har formålstenleg innleiing og avslutning.</p> <p>Eleven forstår godt informasjon i talmateriale og statistikk og formidlar dette på ein god måte.</p> <p>Eleven viser god sjangerbevisstheit.</p>
Språk	Lågare kompetanse enn nivå 2.	<p>Eleven har eit avgrensa ordforråd.</p> <p>Språket er prega av formelle svakheiter, men er i stor grad forståeleg.</p> <p>Eleven gjer i liten grad bruk av tekstbinding.</p>	<p>Eleven meistrar eit tilstrekkeleg ordforråd.</p> <p>Eleven viser ein viss variasjon i setningsbygging.</p> <p>Eleven kommuniserer stort sett godt, sjølv om det kan vere ein del språkfeil.</p> <p>Eleven meistrar bruken av dei mest vanlege formene for tekstbinding.</p>	<p>Ordforrådet er variert og nyansert.</p> <p>Språket har svært god flyt og variert syntaks.</p> <p>Språket har ingen kommunikasjonsforstyrrende språkfeil.</p> <p>Eleven bruker ei variert og formålstenleg tekstbinding.</p>

<i>Skole</i>					<i>Eks. nr.</i>
<i>Moment å hugse på</i>	<i>Kompetansenivå</i>				<i>Kommentar</i>
	<i>1</i>	<i>2</i>	<i>3-4</i>	<i>5-6</i>	
Oppgave 1: <ul style="list-style-type: none"> • Tekstforståing (1a) • Innholdet i svaret (1b) • Språket i svaret (1b) • Strukturen i svaret (1b) 					
Oppgave 2: <ul style="list-style-type: none"> • Innholdet i svaret • Språket i svaret • Strukturen i svaret 					
Oppgave 3: Generelt					
Moment til vurdering	Språk: Ordforråd Rettskriving og ordbøying Setningsoppbygging Kommunikasjon				
	Innhald: Svar på oppgåva Substans Presisjon Refleksjon Sjølvstende Originalitet/kreativitet Kjeldebruk				
	Struktur: Disposisjon/organisering Logisk samanheng Tekstflyt Framdrift utan gjentakningar Tekstbinding Situasjonsilpassing Mottakarorientering Sjanger/teksttype				
Karakter	Samla vurdering av svaret				